

Gol kommune

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

MØTEBOK

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 01708	Doknr.: 117
Mottatt: 22 SEPT 2003 ASB/	juv
Saksbeh.: 192	Ark.: 40
Kopie:	Avskr.: 0105/03

Saksnr.: 0105/03
Arkivsaksnr: 02/02020
Arkivkode: 103 V00

Saksbehandlar: Robert Rørvik

Saksnr.: Utval:
0105/03 Utval for natur og næring

Møtedato:
02.09.03

KOMMUNANE SOM LANDBRUKSPOLITISK AKTØR - HØYRING AV FORSLAG TIL FØRESEGNER OM OVERFØRING AV MYNDIGHEIT OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNANE.

Generelle saksopplysningar:
Politisk behandling i: Utval for natur og næring
Vedtaksorgan: Utval for natur og næring

Saksdokument:

1. Brev frå Fylkesmannen i Buskerud, Landbruksavdelinga, datert 23.10.02
2. Høyringsforslag frå Landbruksdepartementet, datert 12.06.03
3. Brev frå Fylkesmannen i Buskerud, Landbruksavdelinga, datert 17.06.03

Dokument nr. 2 fylgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

Gol kommune har frå Landbruksdepartementet fått på høyring nye føresegnar om overføring av myndigheit og ny forskrift om sakshandsaming i kommunane. Landbruksdepartementet ber om uttale frå høyringsinstansane innan 15.september 2003.

I forslaget til høyring legg Regjeringa opp til auka ansvar og oppgåver knytt til kommunane i samband med nye føresegnar om overføring av myndigheit og ny forskrift om sakshandsaming i kommunane.

Departementet sitt forslag byggjer på eit utkast utarbeida av ei arbeidsgruppe for delprosjektet "Desentralisering av juridiske verkemiddel" som er ein del av hovudprosjektet "Kommunerettet satsing på landbruksområdet". Dette prosjektet består av fire delprosjekt:

1. Juridiske verkemiddel. Dette delprosjektet består av denne høringssaka pluss forslag til endringar i konsesjonslova.
2. Økonomiske verkemiddel. Dette er eit delprosjekt der målet er å gje kommunane ansvar for alle skogbruks- og miljøverkemiddel under LUF.
3. Dialog mellom Fylkesmannen og kommunen basert på partnerskap. Dette er eit prosjekt som har til mål å betre dialogen mellom fylkesmennene og kommunane.
4. Rapportering fra kommunane - IKT landbruket sine fagsystem. Som del av Landbruksdepartementet sin kommuneretta satsing, er det behov for gjennomgang av ansvaret og behovet for rapportering mellom kommunane og staten på landbruksområde. Delprosjektet har hatt fokus på rapporteringsbehovet knytta til dei verkemiddel der

kommunane fra 1. januar 2004 blir førsteinstans slik som omtala i St.meld. nr. 19 ("Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå").

Parallelt med prosjektet "Kommuneretta satsing på landbruksområde" - er det arbeida med eit prosjekt som skal sjå på fordeling og nye kriteriar for tildelinga av midlar til kommunal landbruksforvaltning.

Høringa byggjer på gjeldande lov og inneheld to hovudpunkt:

- Nye føresegner om overføring av myndigheit til kommunane, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen m.fl når det gjeld avgjerd etter jordlova, odelslova og skogbrukslova.
- Ny forskrift om sakshandsaming i kommunane etter dei same lovene.

Sjølve høringsforslaget går langt i å gje kommunane vedtaksmynde; lengre enn forslaga i St.meld. nr. 19. Hovedpunktene er:

1. *Alle konsesjons- og delingssaker vert avgjort i kommunane.*
2. *Saker etter skogbrukslova, med unntak av saker som gjeld verneskog vert avgjort i kommunane..*
3. *Omdisponeringar etter jordlova vert avgjort av kommunane.*
4. *Avgjerdsmynde etter fleire enkelt §§ vert lagt til kommunane.*

Når det gjelder saksbehandlingsforskriften er endringene knyttet til:

- ikkje krav om bruk av dataverktøy og innlevering av statistikk.
- krav om å stille saksdokument til rådvelde for departementet for evaluering.
- fjerne kravet om jord- og skogbruksfaglig kompetanse i jord- og skogbrukslova.

Overordna plan:

Høringsforslaget er fyrst og fremst eit resultat av overordna statlege St.meld., dokument og føringar.

Gol kommunestyre har i K-sak 0034/03 vedteke "Handlingsplan for landbruket i Gol". Når høringsforslaget no legg opp til auka ansvar og oppgåver for kommunane på landbruks- og miljøområdet, må ein bruke handlingsplanen aktivt som lokalt styringsdokument.

Miljøkonsekvensar:

Overføring av auka ansvar og fleire arbeidsoppgåver på miljøområdet gjev kommunen store framtidige utfordringar i høve til korleis ein skal løyse ulike miljøspørsmål.

Pr. dags dato har ikkje kommunen miljøvernleiar, og ny organisering vedteke i K-sak 53/03 seier heller ikkje noko om korleis desse arbeidsoppgåvene skal løysast i framtida.

Økonomi:

Det vert i høringsforslaget hevda at den overføring av ansvar og mynde som er føreslege ikkje vil medføre større administrative og økonomiske konsekvensar for kommunane.

Vurdering:

Bakgrunnen for høyringssaka er eit ynskje om at ansvaret skal leggst så nær avgjerdsmynda som mogleg. Det vert lagt opp til at kommunane sjølv må ta tak i dei lokale utfordringane. I tillegg ynskjer Regjeringa å stimulere ein politikk der dei mest aktive kommunane får mest pengar. Det er også føreslege å fjerne kravet om jord- og skogbruksfagleg kompetanse frå lovverket.

Det sentrale element i høve til vidare utvikling og framtid for bygde-Norge, ligg i ein tett samspel mellom landbrukspolitik, annen næringspolitikk og ressurs- og miljøforvaltning. Kommunane er den sentrale aktøren i dette arbeidet. Ved å gje kommunane vidare fullmakter skal Landbruksdepartementet sitt kommuneprosjekt sette dei betre i stand til å møte utfordringane.

Forslaget gje auka vedtaksmynde til kommunane. Dette gjev lokalpolitikarane større innflytelse og dermed større ansvar for utviklingen lokalt.

Den totale potten for heile landet som er retta mot kommunal landbruksforvaltning aukar fra 349- til 474,9 millionar kroner, samt at nye objektive kriteriar vert lagt til grunn for tildelinga av desse midlane. Føremålet er dermed at det skal bli betre sammenheng mellom tildelingar og dei utfordringane og oppgåver ein møter på landbruks- og miljøområdet.

Den "nye" tildelinga frå staten til kommunane på landbruksområdet vil ikkje bli øyremerka, men gå inn i rammeoverføringane til kommunane. Departementet forventar likevel at kommunane brukar den "nye" tildelinga på eigen landbruksforvaltning.

Tildeling etter "gammal modell" har gjeve landbruksforvaltninga i Gol kommune kr. 751.000,- i årleg overføring frå staten. Tildeling etter "ny modell" i høve til ulike landbrukskriteriar syner at kr. 1.067.000,- er tiltenkt landbruksforvaltninga i Gol kommune, altså ein årleg auke på kr. 316.000,-

Med bakgrunn i auka ansvars- og arbeidsoppgåver samt fleire kostnadskrevjande tiltak i nyleg vedteken "Handlingsplan for landbruket", er det etter landbruksansvarleg sin vurdering særskild viktig at stipulerte auke i rammeoverføringa vert tilgodesett den kommunale landbruksforvaltninga i samband med handsaming av budsjett for år 2004.

Mange kommunar har innskrenka sin landbruksforvaltning til eit minimum. Dette gjeld også for Gol kommune, seinast vedteke i samband med ny organisasjon i Gol kommune i K-sak 0034/03. Ny organisasjonsplan for Gol kommune tilseier at ein 50 % stilling som fagkonsulent landbruk skal overførast til servicetorget. Det er i same vedtak heller ikkje sagt noko om korleis det framtidige miljøarbeidet i kommunen skal ivaretakast. Etter landbruksansvarleg sin vurdering medfører dette ein klar svekking av kapasiteten på både landbruks- og miljøforvaltninga i kommunen, noko som er uheldig i høve til dei nye ansvars- og arbeidsoppgåvene som no skal overførast på desse områda til kommunane.

Fjerning av kravet om landbruksfagleg kompetanse kan bidra til endå større reduksjon i både årsverk og kompetanse innan landbruk i kommunen. Konsekvensane av dette kan vere at kommunen nedprioriterer tiltaksstrategier som skal vere med på å synleggjere behovet for økonomiske verkemiddel, og at midlane dermed vert overført til andre og mer aktive kommunar.

Det å fjerne kompetansekravet er derfor eit steg i feil retning i høve til det å løyse dei utfordringar kommunane står ovanfor innan jord- og skogbruksforvaltning. Dette er uheldig i høve til framtidig forvaltning av landbruks- og miljø saker i kommunen.

I samband med desentralisering av økonomiske verkemiddel i landbruket, er det tilrådt at kommunane utarbeider eigne tiltaksstrategiar. Etter landbruksansvarleg sin vurdering gjev her nyleg vedteken handlingsplan for landbruket kommunen i så måte eit godt utgangspunkt.

Ein må elles ha tiltru til at administrative og politiske leiarar i kommunen tek det ansvaret det er å forvalte ein viktig næring som landbruket.

Framlegg til vedtak:

1. Utval for natur og næring stiller seg positiv til nye føresegner om overføring av myndigheit og ny forskrift om sakshandsaming i kommunane. Forslaget gjev auka beslutningsmyndighet til kommunane. Dette gjev lokalpolitikarane større innflytelse og dermed større ansvar for utviklingen lokalt.
2. Utval for natur og næring ser det som positivt at den totale potten som er retta mot kommunal landbruksforvaltning aukar frå 349- til 474,9 millioner kroner, samt at nye objektive kriteriar blir lagt til grunn for fordelinga av desse midlane. Det blir dermed betre sammenheng mellom tildelingar, utfordringar og oppgaver ein møter på landbruks- og miljøområdet.
3. Utval for natur og næring stiller seg kritisk til forslaget om å fjerne kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse frå lovverket. Ein fjerning av kravet om landbruksfagleg kompetanse kan bidra til endå større reduksjon i både årsverk og kompetanse innan landbruk. Dette er urovekkende når det er lagt opp til at fleire midlar skal fordelast til bonden ut frå nærmare fastsette aktivitets- og tiltaksplanar på kommunenivået. Dette vil resultere i at bonden blir skadelidande. Det å fjerne kompetansekravet er derfor eit steg i feil retning i høve til det å løyse dei utfordringar kommunen står ovanfor innan jord- og skogbruksforvaltning.

Gol, den 1. september 2003

Kjell Gjetle,
Sektorsjef

Robert Rørvik,
avdelingsleiar

Utval for natur og næring behandla saka den 02.09.03, saksnr. 0105/03

Behandling:

Ola Kjell Hodnungseth (Sp) fremja følgjande forslag til endring i punkt nr. 3:

Utval for natur og næring krev at kravet om jord- og skogbruksfagleg kompetanse i lovverket skal oppretthaldast.

Framlegg til vedtak med endringsforslaget frå Hodnungseth vart deretter samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Utval for natur og næring stiller seg positiv til nye føresegner om overføring av myndigheit og ny forskrift om sakshandsaming i kommunane. Forslaget gjev auka beslutningsmyndighet til kommunane. Dette gjev lokalpolitikarane større innflytelse og dermed større ansvar for utviklingen lokalt.
2. Utval for natur og næring ser det som positivt at den totale potten som er retta mot kommunal landbruksforvaltning aukar frå 349- til 474,9 millioner kroner, samt at nye objektive kriteriar blir lagt til grunn for fordelinga av desse midlane. Det blir dermed

betre sammenheng mellom tildelingar, utfordringar og oppgaver ein møter på landbruks- og miljøområdet.

3. Utval for natur og næring krev at kravet om jord- og skogbruksfagleg kompetanse i lovverket skal oppretthaldast. Ein fjerning av kravet om landbruksfagleg kompetanse kan bidra til endå større reduksjon i både årsverk og kompetanse innan landbruk. Dette er urovekkende når det er lagt opp til at fleire midlar skal fordelast til bonden ut frå nærmare fastsette aktivitets- og tiltaksplanar på kommunenivået. Dette vil resultere i at bonden blir skadelidande. Det å fjerne kompetansekravet er derfor eit steg i feil retning i høve til det å løyse dei utfordringar kommunen står ovanfor innan jord- og skogbruksforvaltning.

Postmottaket

Fra: ASR Høringsuttalelser
Sendt: 22. september 2003 09:27
Til: Postmottaket
Emne: VS: Høringsuttale Gol kommune

FromAddress: /O=LANDBRUK/OU=LDEP/cn=Recipients/cn=asr.jur



Høringsuttale.doc

-----Opprinnelig melding-----

Fra: robert.roervik@gol.kommune.no
[mailto:robert.roervik@gol.kommune.no]
Sendt: 4. september 2003 13:27
Til: ASR Høringsuttalelser
Emne: Høringsuttale Gol kommune

Hei !

Vedlagt følgjer Gol kommune sin høyringsuttale på:

"Forslag til nye bestemmelsar om overføring av myndigheit og ny forskrift om saksbehandling i kommunane".

Høyringsfrist er sett til 15. september d.å.

Med helsing

Robert Rørvik,
avdelingsleiar,

Gol kommune,
Gamlevegen 4,
3550 Gol

(See attached file: Høringsuttale.doc)